Botnrekord på Dønhaug inatt

17.04.2014

Magne Huglen i natt:-Har inga forklåring...

TAP OG VINN MED SAME SINN
Det er kommentaren til Magne Huglen etter påskedansen i låven på Dønhaug inatt. Ved midnatt var det eit einsleg par som svinga seg og det var 35 betalande i lokalet. Det er truleg botnrekord sidan Huglen starta med låvedansane og sjølv har han ikkje nokon konkret forklåring. Andre meiner det er for tidleg i sesongen og at veret var for surt. Det hadde kanskje vore klokare å satsa på kjedlaren.

I alle høve har dei som ikkje var der grunn til å angre. Dei få som kom likte seg og hadde ei god oppleving
for musikken til dei to banda ligg på eit høgt nivå.

Robert Smith-Hald kjenner vi svært godt frå før her i bygda og ORBO har vunne 2 spelemannsprisar og har til no gjeve ut 7 album.

Begge kjem faktisk med nye album i desse dagar. Men det er altså framleis ikkje lett å meina noko om kvitfor publikum av og til sviktar i Uskedalen.

I alle fall har Magne Huglen slutta med det utan at han kastar inn kledet av den grunn. Og vi håpar inderleg at det heller ikkje skjer!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen